



Berekraftige matsystem – innspel

Statsforvaltaren i Vestland har samla innspel etter nasjonalt dialogmøte om berekraft i det norske matsystemet – med mål om innspel til FN's berekraftsmål. Ein har prioritert å gje innspel på tema a) Klima- og miljøvennlig matproduksjon, b) bærekraftig fôr, c) konkurransekraftig verdiskaping i verdikjeden for mat i hele landet.

a) Klima- og miljøvennleg matproduksjon - primærproduksjon

Mål 1: JORDKARTLEGGING

Vestland er tradisjonelt eit gras- og husdyrområde, men vi har også godt lokalklima for auka produksjon av frukt, bær, potet og grønnsaker. Ein auka planteproduksjon må vere tilpassa lokale produksjonsvilkår der dei mest kravstore vekstane vert dyrka der lokalklima og jordsmonn er best. Dette krev betre kunnskap om lokalklima og jordsmonn og kva for planter som best kan utnytte dei lokale ressursane. I dette biletet må vi også ha med klimaendring, klimatilpassing og matvareberedskap.

Tiltak:

- Medan vi ventar på jordsmonnkartlegginga (Nibio) kan vi bruke eksisterande analysedata frå jordprøver (frå NLR eller den enkelte bonde) og kople det opp mot digitale kart over mikroklima.
- I utlysingsteksten til Norges Forskningsråd (NFR) prioritere prosjekt som kan kartlegge kunnskap om jordtype, drenering, mikroklima og næringsinnhald i jorda for heile landet.
- Resultata bør publiserast som eit kartverktøy. Dette vil også vere til stor hjelp for kommunar og planavdelingar i deira prioritering og kunnskapsgrunnlag for jordvernstrategi.

Mål 2: NY MÅLSETTING FOR ØKOLOGISK LANDBRUK

Stimulere til eit landbruk som tek vare på og stimulerer til biologisk mangfald i produksjonsform og kan inspirere det tradisjonelle landbruket til endre sin praksis i retning av eit meir miljøvennleg og mangfaldig landbruk

Tiltak:



- Framheve driftsforma Økologisk landbruk (Debio-godkjent) som ein aktiv spydspissaktør i landbruket for å auke biologisk mangfald i landbruket. Dette omhandlar også å sette krav om å integrere informasjon og vise til døme om økologiske dyrkingsmetodar og prinsipp på arrangement i det tradisjonelle landbruket.
- Sette konkrete mål for norsk økologisk landbruksproduksjon i tråd med evaluering av Nasjonal strategi for økologisk jordbruk og Økologiprogrammet (Oxford analyse, 2023).
- Ei satsing på økologisk landbruk må henge tett saman med ei tydeleg marknadsstimulering til økologisk forbruk, både i offentleg og marknadsstyrt matsektor, sjå pkt c).

b) Berekraftig fôr

Mål: Redusere import av fôr som er rikt på protein- og energi ved auke produksjon av kvalitetsgrovfôr, korn og oljevekstar i Noreg.

Tiltak:

- Gjennom arealtilskot stimulere til dyrking av proteinrike fôrvekstar
- Legge til rette for omsetting av resirkulert organisk fosfor
- Legge til rette for bruk av bioress som gjødsel, og transport av organisk fosfor tilbake til kornjorda (frå vest til aust)
- Integrere praktiske produksjonserfaringar som frå økologisk landbruk (spydspiss) i den tradisjonelle norske korn- og grovfôrproduksjonen.

c) Konkurranseskraftig verdiskaping i verdikjeda for mat i heile landet

Mål: Auka etterspurnad etter norsk produsert mat og berekraftig mat i offentlege matinnkjøp.

I Noreg kan ein i auka grad bruke den offentlege innkjøpsmakta ved at stat, kommune og fylkeskommune nyttar moglegheitene som finst i systemet for offentleg innkjøp til å kjøpe norsk, lokalprodusert mat med mål om berekraftige matinnkjøp (frå 2024: veking på 30%) .

Tiltak:

- Etablere eit forum for offentleg innkjøp av mat som utvekslar erfaring om korleis ein kan kjøpe inn norsk og økologisk mat gjennom anbodskonkurransar, med mål om å auke bestillarkompetansen for mat.
- Informere om merkeordninga for økologisk mat (Debio/EU-økologimerket) og økologisk matinnkjøp som eit ledd i å oppfylle berekraftsmål i matinnkjøp
- Auke generisk marknadsføring av norsk frukt, bær, grønsaker og potet gjennom Opplysningskontoret for frukt og grønt (OFG) og Stiftelsen Norsk Mat.
- Skaffe betre informasjonsgrunnlag om import av frukt, bær, grønsaker og potet for i større grad å kunne målrette arbeidet med å stimulere til norsk frukt- og grøntproduksjon. Her kan til dømes Landbruksdirektoratet kjøpe inn målretta tenester frå IPSOS og AC Nielsen for å sikre betre marknadsinformasjon.
- Vurdere systemet for tollkoder og andre registreringssystem for å sikre betre statistikk om import av mat til Noreg, som vert omsett i daglegvarehandelen.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
Ass. Landbruksdirektør

Frøydis Linden
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent